



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
Heradsstyret



Møtedato: 22.05.2025
Møtetid: 16:00 -22:00
Møtestad: Lonevåg, rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Kurt Ove Øksnes	Medlem	FRP
Lars Fjeldstad	Ordfører	SP
Alexander Thunestvedt	Varaordfører	AP
Ann Helen Solberg	Medlem	FRP
Turid Bjørndal Njåstad	Medlem	SP
Helge Valestrand Edvardsdal	Medlem	SP
Gerd Karin Njaastad	Medlem	SP
Johannes Haugland	Medlem	SP
Janne Daltveit Tveit	Medlem	SP
Frode Flesland	Medlem	SP
Herdis Helle	Medlem	AP
Ann Kristin Borge	Medlem	AP
Geir Olsen	Medlem	AP
Jarle Skeidsvoll	Medlem	KRF
Bjarte Hammer Aarland	Medlem	KRF
Kim Andre Hartveit	Medlem	FRP
Sigmund Arve Faugstad	Medlem	FRP
Ragnar J Tyssebotn	Medlem	FRP
Sebastian Andre Haugland	Medlem	H
Aksel Mjøs	Medlem	H
Roald Waldemar Martinsen	Medlem	H
Renathe Tangen	Medlem	V
Roy Husebø	Medlem	INP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
-------------	--------------	--------------

Johannes O Borge	MEDL	H
Ruben Nielsen	MEDL	FRP
Roy Håkon Jenssen	MEDL	SV
Trygve Tønnessen	MEDL	U

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Synne Thunestvedt		SV
Ingunn Vedå		FRP
Tor Georg Hella		H
Ann Kristin Åkerlund Riise	Vara for Bjarte Aarland i sak PS 45/25.	KRF
Stian Torp		FRP

Følgjande frå administrasjonen møte:

Politisk sekretær

Kommunedirektør

Kommunalsjefen for samfunnsutvikling

Kommunalsjef for felles oppvekst, undervisning og kultur

Kommunalsjef for helse, omsorg og sosial

Ekstra informasjon til møte:

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
PS 37/25	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 38/25	Godkjenning av møtebok 03.04.2025
PS 39/25	Godkjenning av møtebok 22.04.2025
PS 40/25	Referatsaker og meldinger
RS 20/25	Protokoll styremøte 04.03.25
RS 21/25	Protokoll Osterøy kontrollutval 27.03.25 med vedlegg
RS 22/25	Referat - møte 25.03.2025 - representantskapet til Bergen og Omland Friluftsråd
RS 23/25	Protokoll 1-2025 Regionrådet Nordhordland 11.04.2025
RS 24/25	Protokoll frå Representantskap 1-2025 Region Nordhordland IKS
RS 25/25	Protokoll frå Representantskap 1-2025 Region Nordhordland Helsehus IKS
RS 26/25	Rasvurderingsrapport Kossdalsvegen
PS 41/25	Omsorg+ - utarbeiding og utlysing av konkurranse
PS 42/25	Omstilling av Osterøy kommune
PS 43/25	Politisk avklaring av planinitiativ - Detaljregulering av massedeponi på Hartveit
PS 44/25	Planprogram: Kommunedelplan Oppvekst og fritid
PS 45/25	Søknad om stønad frå Osterøy Sokneråd
PS 46/25	Avklaring av planinitiativ - Solberg Mek. Verksted AS
PS 47/25	Nyval av kontrollutval for perioden 2023-2027
PS 48/25	Andre saker/spørsmål/interpellasjoner

Lars Fjeldstad

Ordfører

PS 37/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 37/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Kim Andre Hartveit (Frp) ønskte å ta opp arbeidsrettssaka.

Herdis Helle (Ap) ønskte å få si gildskap vurdert dersom saka om arbeidsrettssaka skal behandlast politisk.

Stian Torp (Frp) og Bjarte Årland (Krf) ynste å stille spørsmål om Fotlandsvåg Skule.

Det var elles inga merknad til innkalling og sakliste.

Votering:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend

Vedtak i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 37/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Innkalling og sakliste vart godkjende med følgjande merknader:

Kim Andre Hartveit (Frp) ønskte å ta opp arbeidsrettssaka.

Herdis Helle (Ap) ønskte å få si gildskap vurdert dersom saka om arbeidsrettssaka skal behandlast politisk.

Stian Torp (Frp) og Bjarte Årland (Krf) ynste å stille spørsmål om Fotlandsvåg Skule.

PS 38/25 Godkjenning av møtebok 03.04.2025

Handsaming i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 38/2025 Godkjenning av møtebok 03.04.2025:

Det var ingen merknader til møtebok.

Votering:

Møtebok vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 38/2025 Godkjenning av møtebok 03.04.2025:

Møtebok vart godkjend

PS 39/25 Godkjenning av møtebok 22.04.2025

Handsaming i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 39/2025 Godkjenning av møtebok 22.04.2025:

Det var ingen merknader til møtebok.

Votering:

Møtebok vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 39/2025 Godkjenning av møtebok 22.04.2025:

Møtebok vart godkjend

PS 40/25 Referatsaker og meldinger

Handsaming i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 40/2025 Referatsaker og meldinger:

Det var ikkje merknader til referatssakene.

Vedtak i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 40/2025 Referatsaker og meldinger:

Referatsakene vart tekne til vitande.

PS 41/25 Omsorg+ - utarbeiding og utlysing av konkurranse

Handsaming i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 41/2025 Omsorg+ - utarbeiding og utlysing av konkurranse:

Innstilling frå Formannskapet 14.05.2025:

Kommunedirektøren får fullmakt til å gå vidare med detaljplanlegging, utarbeiding av konkurransegrunnlag og gjennomføring av pris- og designkonkurranse for eit prosjekt med eit areal på om lag 13 000 kvadratmeter med ei tilhøyrande brutto kostnadsramme på om lag 830 millionar kroner inkludert moms. Nettokostnad, der tilskot frå Husbanken og momskompensasjon er trekt frå er rekna til å vera om lag 450 millionar kroner. Kommunedirektøren kjem attende med ny sak før det vert inngått avtale om samspelfase.

Før behandlinga av saka hadde leiaren av ungdomsrådet eit innlegg om saka, der han støtta framlegget frå kommunedirektøren.

Utsetjingsforslag frå Kim Andre Hartveit (Frp):

Saka vert utsett.

Før saka vert lagt fram for heradstyret på nytt skal Kommunedirektøren utarbeide eiga sak om økonomien i prosjektet. Saka må gi eit detaljert bilete av:

- korleis investeringa vil påverke drifta under byggeprosessen og fram til full kompensasjon er utbetalt.
- etter at bygget er teke i bruk.
- dersom berre eit av byggetrinna vert gjennomført

Det må og opplysast om kva det vil koste å leige leilighet i bygget pr mnd.

Saka skal leggest fram for heradstyret i god tid før budsjett og økonomiplan for 2026 skal behandlast.

Denne saka er den største investeringa som Osterøy kommune nokonsinne har gjort, og lånesummen er større enn all anna gjeld som kommunen har tilsammen. Størrelsen på investeringa er i seg sjølv så stor at Osterøy kommune ikkje har økonomiske musklar til å handtere denne gjelda sjølv drssom noko lite og uforutsett skulle skje som til dømes at det går lenger tid før me får kompensasjonen. Sidan kommunekassen er tom og me lever på krita, vil me då måtte låne pengar for å betale renter? Eller skal me kutte i drifta i andre tenester medan me ventar?

Kor stor er usikkerhetsfaktoren mtp finansiering, sluttsum?

Utsetjingsforslag frå Herdis Helle (Ap) Og Geir Olsen (Ap):

Grunngjeving:

Det er ikkje planlagt investeringar i økonomiplanen av den storleiken kommunedirektøren ber om i prosjektet, og heradsstyret har på det noværande tidspunktet ikkje oversyn over om Osterøy kommune har økonomisk handleevne til å gå i gang med ei så omfattande og kostnadskrevjande utbygging. Dette kan bli betre opplyst når heradsstyret handsamar årsbudsjett for 2026 økonomiplan for 2026-2030.

I den samanhengen kan heradsstyret også lettare vurdere den finansielle risikoen i prosjektet opp mot dei finansielle måltala heradsstyret har vedtatt for økonomi- og finansforvaltninga til kommunen.

For det tilfellet det syner seg at ei investering i den storleiken som kommunedirektøren no legg opp til for første byggesteg gjev for stor finansiell risiko, er det føremålstenleg at andre alternativ enn null-alternativet og kommunedirektøren sitt framlegg på 88 omsorgsleiligheter pluss velværesenter, kafe, butikk m.m er.

Eit alternativ som kommunedirektøren skal utgreie, er eit første byggesteg for Omsorg pluss bestående av ombygging av dagens fløy på Osterøytunet med 16 omsorgsleiligheter (bufellesskapet) til ny sjukeheimsavdeling bestående av rom med bad og naudsynte fellesareal (fellesstove, tekjòkken, vaktrom etc) og pluss nybygg med 16 nye omsorgsleiligheter på tomten som er kjøpt inn til Omsorg pluss.

Dei pasientane som er tiltenkt plass i det nye Omsorg Pluss er, etter det som er opplyst av kommunedirektøren, pasientar som treng meir enn fem besøk av heimesjukepleie per døgn og også tilsyn på natt.

Mange av desse pasientane vil være så hjelpetrengande at det er lettare og meir effektivt å gje dei god omsorg på eit tilrettelagt sjukeheimsrom enn i ein omsorgsbustad.

Behovet for nye sjukeheimsrom vil dermed auke utover dei som er tilgjengeleg på Osterøytunet per i dag.

Samstundes treng kommunen også fleire omsorgsbustader (bufellesskap) enn dei 16 på Osterøytunet og dei 15 på Haugatun som er tilgjengeleg per i dag.

16 nyeomsorgsleiligheter vil truleg raskt verte for lite.

Kommunedirektøren står fritt til også å utgreie kostnadane med å bygge fleire enn 16 i første byggesteg, eksempelvis 25.

Alternativt eller i tillegg kan kommunedirektøren vurderer å utgreie og møte deler av det aukande behovet for omsorgsleiligheter med å forlenge leigeavtalen med Hauge Helselag som går ut om to år, medrekna å spørje helselaget om å bygge 6-7 nye omsorgsleiligheter, med eit lite vaktrom for heimesjukepleie, som kommunen kan leige i tillegg til dei 15 kommunen leiger på Haugatun i dag.

Det er plass til ei ny husrekke på Haugatun og tomten er allereie regulert til føremålet.

Punkter1.

Sak 41/25 Omsorg pluss – utarbeiding og utlysing av konkurranse

1. Vedtak i sak om detaljplanlegging, utarbeiding av konkurransegrunnlag og gjennomføring av pris- og designkonkurranse for første byggesteg for Omsorg Pluss vert utsett til det heradsstyremøtet der årsbudsjett og økonomiplan skal handsamast.
2. Før saka vert lagt fram for heradsstyret på nytt, skal kommunedirektøren utarbeide ein finansieringsplan som syner korleis kommunen skal verte i stand til å innfri betalingsforpliktingane og driftskostnadane som prosjektet vil medføre i
2.
 - a. byggelånsperioden (der vi må forskuttere momskompensasjon og kompensasjon frå Husbanken)
 - b. etter at bygget er overlevert. For begge alternativ skal det gjerast greie for kor store nedskjeringar kommunen må pårekne å gjennomføre i andre sektorar for å finansiere prosjektet.
3. Kommunedirektøren skal også vurdere mindre omfattande og kostnadsskrevjande alternativ for første byggetrinn. Eit av alternativa som skal vurderast er eit første byggetrinn bestående av
3.
 - a. 16 omsorg pluss leiligheter (utan fellesareal til kontor til heimesjukepleie, butikk, kafeteria, velværesenter, livsynsnøytralt seremonirom m.m) og

Ombygging av fløyen på Osterøytunet som i dag har 16 omsorgsleiligheter til sjukeheimsavdeling med pasientrom med bad. Om lag halvparten av romma skal byggjast slik at det er plass til at to pasientar, til dømes ektepar, kan dele sjukeheimsrom.

Framlegg til vedtak frå Geir Olsen(Ap) og Herdis Helle(Ap):

Kommunedirektøren får fullmakt til å gå vidare med detaljplanlegging, utarbeiding av konkurransegrunnlag og gjennomføring av pris- og designkonkurranse for eit prosjekt med ombygging av bufelleskapet på Osterøytunet til ny sjukeheimsavdeling og bygging av 24 omsorg pluss leiligheter på ny tomt. Kommunedirektøren kjem attende med ny sak før det vert inngått avtale om samspelfase.

Protokolltilførsel frå Herdis Helle(Ap):

Etter § 2 i reglementet for plan- og kommunalteknisk utval skal utvalet gje tilråding til formannskapet i saker om

Eg har ved to høve tatt opp med ordførar og kommunedirektør at saka om omsorg pluss skal i PKU før ho går i formannskapet.

Dette er ikkje tatt til fylgje. Dette er etter mi vurdering i strid med reglementet heradsstyret har gitt.

Votering:

Utsettingsforslaget frå Kim Andre Hartveit (Frp) fall med 7 røyster for og 20 røyster mot.

Røyster for: Ann Helen Solberg (Frp), Ingunn Vedå (Frp), Kim Andre Hartveit (Frp), Kurt Ove Øksnes (Frp), Ragnar J Tyssebotn (Frp), Sigmund Arve Faugstad (Frp), Stian Torp (FRP)

Røyster mot: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Tor Georg Hella (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Synne Thunestvedt (SV), Renathe Tangen (V), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Roy Husebø (INP),

Utsettingsforslaget frå Herdis Helle (Ap) fall med 6 røyster for og 21 røyster mot.

Røyster for: Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Roy Husebø (INP), Stian Torp (FRP), Ingunn Vedå (Frp), Kurt Ove Øksnes (Frp),

Røyster mot: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Ann Helen Solberg (Frp), Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Tor Georg Hella (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Synne Thunestvedt (SV), Renathe Tangen (V), Ragnar J Tyssebotn (Frp), Kim Andre Hartveit (Frp), Sigmund Arve Faugstad (Frp)

Framlegget til vedtak frå Geir Olsen (Ap) og Herdis Helle (Ap) fall med 4 røyster for og 23 røyster mot.

Røyster for: Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Roy Husebø (INP), Stian Torp (FRP)

Røyster mot: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Ann Helen Solberg (Frp), Ingunn Vedå (Frp), Kim Andre Hartveit (Frp), Kurt Ove Øksnes (Frp), Ragnar J Tyssebotn (Frp), Sigmund Arve Faugstad (Frp), Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H),

Sebastian Andre Haugland (H), Tor Georg Hella (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Synne Thunestvedt (SV), Renathe Tangen (V)

Innstillinga frå formannskapet 14.05.2025 vart vedteken med 17 røyster for og 10 røyster mot.

Røyster for: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Tor Georg Hella (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Synne Thunestvedt (SV), Renathe Tangen (V)

Røyster mot: Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Ingunn Vedå (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Roy Husebø (INP), Stian Torp (FrP)

Vedtak i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 41/2025 Omsorg+ - utarbeiding og utlysing av konkurranse:

Kommunedirektøren får fullmakt til å gå vidare med detaljplanlegging, utarbeiding av konkurransegrunnlag og gjennomføring av pris- og designkonkurranse for eit prosjekt med eit areal på om lag 13 000 kvadratmeter med ei tilhøyrande brutto kostnadsramme på om lag 830 millionar kroner inkludert moms. Nettokostnad, der tilskot frå Husbanken og momskompensasjon er trekt frå er rekna til å vera om lag 450 millionar kroner. Kommunedirektøren kjem attende med ny sak før det vert inngått avtale om samspelfase.

PS 42/25 Omstilling av Osterøy kommune

Handsaming i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 42/2025 Omstilling av Osterøy kommune:

Innstilling frå Formannskapet:

1. Heradsstyre har som mål å vedta ein realistisk økonomiplan for planperioden 2026–2029 i balanse i samband med at heradsstyret vedtek Budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029 i desember 2025.

2. Heradsstyret vedtek Prosjekt-/gjennomføringsplan for berekraftig omstilling 2025 – 2028 slik det ligg føre, men ber om at dette vert utvikla kontinuerleg med sikte å avdekke nye innsparings- og utviklingstiltak som gjev ønska måloppnåing.

3. Prosjekta som vert sett i verk skal samla sett gje gevinstar som stettar måla om:

- ein økonomiplan i balanse
- ei forsvarleg og effektiv tenesteyting
- ein god arbeidsgjevarpolitikk
- eit sosialt berekraftig samfunn

4. I kvart prosjekt skal det leggjast til rette for både informasjon og medverknad frå interessentar og involvering av tillitsvalde basert på prosjekta sine planar og lov- avtaleverk.

5. Kommunedirektøren får fullmakt til å hente inn ekstern kompetanse for hjelpe kommunen i omstillingsarbeidet. Ramma for dette er avgrensa til kr 1 mill. pr år i prosjektperioden. Eventuelle eksterne midlar kommunen får frå OU-mildlar, skjønnsmidlar eller anna kjem i tillegg.

Votering:

Punkt 1 til 4 vart votert samla, medan punkt 5 vart votert for seg sjølv.

Punkt 1–4 vart samrøystes vedtekne.

Punkt 5 vart vedteke med 25 røyster for og 2 røyster mot.

Røyster for: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Ingunn Vedå (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Tor Georg Hella (H), Roy Husebø (INP), Stian Torp (FrP), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Synne Thunestvedt (SV), Renathe Tangen (V)

Røyster mot: Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP)

Vedtak i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 42/2025 Omstilling av Osterøy kommune:

- 1. Heradsstyre har som mål å vedta ein realistisk økonomiplan for planperioden 2026–2029 i balanse i samband med at heradsstyret vedtek Budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029 i desember 2025.**
- 2. Heradsstyret vedtek Prosjekt-/gjennomføringsplan for berekraftig omstilling 2025 – 2028 slik det ligg føre, men ber om at dette vert utvikla kontinuerleg med sikte å avdekke nye innsparings- og utviklingstiltak som gjev ønska måloppnåing.**
- 3. Prosjekta som vert sett i verk skal samla sett gje gevinstar som stettar måla om:**
 - ein økonomiplan i balanse
 - ei forsvarleg og effektiv tenesteyting
 - ein god arbeidsgjevarpolitikk
 - eit sosialt berekraftig samfunn
- 4. I kvart prosjekt skal det leggjast til rette for både informasjon og medverknad frå interessentar og involvering av tillitsvalde basert på prosjekta sine planar og lov-avtaleverk.**
- 5. Kommunedirektøren får fullmakt til å hente inn ekstern kompetanse for hjelpe kommunen i omstillingsarbeidet. Ramma for dette er avgrensa til kr 1 mill. pr år i prosjektperioden. Eventuelle eksterne midlar kommunen får frå OU-mildlar, skjønnsmidlar eller anna kjem i tillegg.**

PS 43/25 Politisk avklaring av planinitiativ - Detaljregulering av massedeponi på Hartveit

Handsaming i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 43/2025 Politisk avklaring av planinitiativ - Detaljregulering av massedeponi på Hartveit:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval 13.05.2025:

Planinitiativ for detaljregulering for massedeponi /masseuttak på Hartveit vert vedtatt.

Saka gjeld planinitiativ detaljregulering for massedeponi /masseuttak Hartveit, gnr. 7/1, 7/5, 34/2, 34/5, 34/7, 34/1, 43/1, 43/14 og 32/25 på Osterøy

Grunngjeving:

Tiltaket er positivt for landbruket på osterøy, fleire gardsbruk får bedra areal.

Tiltaket skapar og arbeidsplassar i anleggsfase.

Votering:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 43/2025 Politisk avklaring av planinitiativ - Detaljregulering av massedeponi på Hartveit:

Planinitiativ for detaljregulering for massedeponi /masseuttak på Hartveit vert vedtatt.

Saka gjeld planinitiativ detaljregulering for massedeponi /masseuttak Hartveit, gnr. 7/1, 7/5, 34/2, 34/5, 34/7, 34/1, 43/1, 43/14 og 32/25 på Osterøy

Grunngjeving:

Tiltaket er positivt for landbruket på osterøy, fleire gardsbruk får bedra areal.

Tiltaket skapar og arbeidplassar i anleggsfase.

PS 44/25 Planprogram: Kommunedelplan Oppvekst og fritid

Handsaming i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 44/2025 Planprogram: Kommunedelplan Oppvekst og fritid:

Innstilling frå Levekårsutvalet:

Planprogrammet for Kommunedelplan Oppvekst og fritid vert sendt på offentleg høyring og lagt ut kommunen si heimeside slik det ligg føre, jamfør plan- og bygningslova § 4-1.

Det vert samstundes varsla om planoppstart.

Tilleggsforslag fra Bjarte Årland (Krf):

Tillegg etter siste avsnitt, s. 5:

Kyrkje og forsamlingsliv

Trus- og livssynssamfunn står for ein stor del av det frivillege arbeidet i kommunen, for born og unge i alle aldrar. Tiltaka krev ingen føresetnader hjå deltakarane og er i all hovudsak utan eigenbetaling. Den norske kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn er av dei største aktørane innan uorganiserte aktivitetar. Planen ønskjer å få denne typen tiltak i folden, og hovudspørsmålet vert då:

Korleis kan kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn bidra til å betre born og unge sine oppvekstvilkår?

«Lær den unge vegen han skal gå, så vik han ikkje av når han blir gammal.» Utanforskap er eit stort samfunnsproblem. Alle gode krefter må bidra saman for å motverke det.

Votering:

Tilleggsforslag fra Bjarte Årland (Krf) falt med 12 røyster for og 15 røyster mot.

Røyster for: Herdis Helle (AP), Ingunn Vedå (FrP), Aksel Mjøs (H), Roy Husebø (INP), Bjarte Hammer Aarland (Krf), Jarle Skeidsvoll (Krf), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Synne Thunestvedt (SV)

Røyster mot: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Georg Hella (H), Stian Torp (FrP), Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Renathe Tangen (V)

Innstilling frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 44/2025 Planprogram:
Kommunedelplan Oppvekst og fritid:

Planprogrammet for Kommunedelplan Oppvekst og fritid vert sendt på offentleg høyring og lagt ut kommunen si heimeside slik det ligg føre, jamfør plan- og bygningslova § 4-1.

Det vert samstundes varsla om planoppstart.

PS 45/25 Søknad om stønad frå Osterøy Sokneråd

Handsaming i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 45/2025 Søknad om stønad frå Osterøy Sokneråd:

Bjarte Aarland (Krf) ønskte å få vurdert si gildskap før behandlinga av saka.

Bjarte Aarland (Krf) vart erstatta av Ann Kristin Åkerlund Riise (Krf).

Votering:

Bjarte Aarland (Krf) vart samrøystes erklært ugild.

Innstilling frå Formannskapet:

Osterøy kommune avslår søknaden frå Osterøy kyrkjelege fellesråd om støtte til (1) bytte til led lys i taket i Hamre kyrkje og (2) grasklypparar.

Framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit(Frp):

Soknerådet får innvilga 90k, søknad om plentraktor må sjås i samanheng med budsjett 2026

Votering:

Innstillinga frå Formannskapet vart sett opp mot framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit (Frp):

Framlegget frå Kim Andre Hartveit (Frp) vart vedteke med 16 røyster for, og 11 røyster for innstillinga frå formannskapet.

Røyster for framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit (Frp): Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Ingunn Vedå (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Aksel Mjøs (H), Roy Husebø (INP), Stian Torp (FrP), Ann Kristin Åkerlund Riise (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Frode Flesland (SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Janne Daltveit Tveit (SP)

Røyster for innstilling frå Formannskapet: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Tor Georg Hella (H), Gerd Karin Njaastad (SP), Johannes Haugland (SP), Ordførar Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Synne Thunestvedt (SV), Renathe Tangen (V)

Etter at saka var avslutta, forlet Ann Kristin Åkerlund Riise (KrF) salen, og Bjarte Aarland (KrF) tok plassen sin att

Vedtak i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 45/2025 Søknad om stønad frå Osterøy Sokneråd:

Soknerådet får innvilga 90k, søknad om plentraktor må sjås i samanheng med budsjett 2026

PS 46/25 Avklaring av planinitiativ - Solberg Mek. Verksted AS

Handsaming i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 46/2025 Avklaring av planinitiativ - Solberg Mek. Verksted AS:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval 13.05.2025:

Planinitiativ for detaljregulering av Solberg Mek. Verksted AS blir godkjent for oppstart og vidare handsaming i samsvar med plan- og bygningslova kap. 12

Votering:

Innstilling frå Plan- og kommunalteknisk utval vart samrøystes vedteke

Vedtak i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 46/2025 Avklaring av planinitiativ - Solberg Mek. Verksted AS:

Planinitiativ for detaljregulering av Solberg Mek. Verksted AS blir godkjent for oppstart og vidare handsaming i samsvar med plan- og bygningslova kap. 12

PS 47/25 Nyval av kontrollutval for perioden 2023-2027

Handsaming i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 47/2025 Nyval av kontrollutval for perioden 2023-2027:

Innstilling frå Arbeidsutval for innstilling i valsaker valnemnd:

For FRP og INP:

Fast medlem: Trygve Tønnessen (INP)

Vara 1: Stian Torp (INP)

Vara 2: Tonje Yddal

Vara 3: Ingunn Vedå

Vara 4: Roy Husebø (INP)

For Høgre og Venstre:

Fast medlem: Harald Brekkhus (H)

Vara 1: Odd Roald Ravndal (V)

Vara 2: Ole Johannes Mjøs (H)
Vara 3: Ann Christin Reigstad (V)
Vara 4: Ida Marie Tysse (H)

For SP, AP, SV og KRF:

Fast medlem: Margrethe Ådland (AP)
Fast medlem: Frode Flesland (SP)
Fast medlem: Anne Guro Schmidt Antun (KRF)
Vara 1: Jan Inge Wold (AP)
Vara 2: Jorunn S. Holsen (SP)
Vara 3: Arild Svellingen (KRF)
Vara 4: Carl Espen Torbjørnsen (SV)

Framlegg til vedtak frå Lars Fjelstad (Sp):

Leiar vert Harald Brekkhus
Nestleiar vert Frode Flesland

Votering:

Innstilling frå Arbeidsutval for innstilling i valsaker vart samrøystes vedteke.

Framlegg til vedtak frå Lars Fjelstad (Sp) vart vedteke med 24 røyster for og 3 røyster mot.

Røyster for: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Ingunn Vedå (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Aksel Mjøs (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Tor Georg Hella (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Helge Valestrand Edvardsdal (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Synne Thunestvedt (SV), Renathe Tangen (V)

Røyster mot: Ragnar J Tyssebotn (FrP), Roy Husebø (INP), Stian Torp (INP)

Vedtak i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 47/2025 Nyval av kontrollutval for perioden 2023-2027:

For FRP og INP:

Fast medlem: Trygve Tønnessen (INP)

Vara 1: Stian Torp (INP)

Vara 2: Tonje Yddal

Vara 3: Ingunn Vedå

Vara 4: Roy Husebø (INP)

For Høgre og Venstre:

Fast medlem: Harald Brekkhus (H)

Vara 1: Odd Roald Ravndal (V)

Vara 2: Ole Johannes Mjøs (H)

Vara 3: Ann Christin Reigstad (V)

Vara 4: Ida Marie Tysse (H)

For SP, AP, SV og KRF:

Fast medlem: Margrethe Ådland (AP)

Fast medlem: Frode Flesland (SP)

Fast medlem: Anne Guro Schmidt Antun (KRF)

Vara 1: Jan Inge Wold (AP)

Vara 2: Jorunn S. Holsen (SP)

Vara 3: Arild Svellingen (KRF)

Vara 4: Carl Espen Torbjørnsen (SV)

Leiar vert Harald Brekkhus

Nestleiar vert Frode Flesland

PS 48/25 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner

Handsaming i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 48/2025 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner:

Framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit (Frp) om å setja arbeidsrettssaka på sakskartet.

Før handsaminga av saka ønskte Herdis Helle (Ap) å få vurdert sin gildskap. Det var ikkje kalla inn vara for Herdis Helle (Ap), og det var difor berre 26 representantar til stades av 27 moegelege.

Votering:

Herdis Helle (Ap) vart samrøystes erklært ugild og skal ikkje ta del i handsaminga av saka.

Fyrst vart det røysta over om saka skulle setjast på sakskartet eller ikkje.

Det vart samrøystes vedteke at saka skulle setjast på sakskartet.

Framlegg til vedtak frå Kim Andre Hartveit (Frp):

Kommunen ankar ikkje dommen frå arbeidsrettssaka.

Spørsmål frå Stian Torp (Frp):

Når skal Fotlandsvåg-saka fremjast for kontrollutvalet?

Svar frå kommunedirektøren:

Saka vert oversend når heradsstyret godkjenner møteboka, og dette vert gjort i dette møtet.

Bjarte Årland (Krf) bad om ein munnleg orientering om Fotlandsvåg skule:

Kommunedirektøren orienterte om at status framleis er kritisk. Skulefritidsordninga har reduserte opningstider, og kommunen er i løpande dialog med bemanningsbyrå.

Vedtak i Heradsstyret - 22.05.2025 av sak 48/2025 Andre
saker/spørsmål/interpellasjoner:

Kommunen anker ikkje dommen frå arbeidsrettssaka